

Unge entreprenørspirer slo til

400 elever samla i Vik Jubileum

VIK: – Respsen har vore veldig god, me har fått over 250 likes på Facebook.

Det seier trioen Ole Andreas Hermansen Stegegjerdet, Karoline Slinde og Henrik Thorsnes Lefdal. 15-åringane har etablert elevbedrifta «Jobb i Luster» og marknadsfører ledige jobbar i kommunen på sosiale medium.

Nytt steg

Elevbedrifter handlar mykje om sal av ulike produkt, men i Luster og Balestrand har elevane arbeidd med metoden gründercamp og teke elevbedrifter eit steg vidare.

– Måten denne bedrifta jobbar på er ulik mange andre. På oppdrag frå Luster kommune ser dei på korleis dei kan få fleire til å søkja på ledige jobbar i kommunen. Dei tilbyr tenester der problemstillinga er samfunnsrelatert. Dette er ei vidareutvikling av elevbedrifter og noko me ønskjer meir av framover, fortel Claus Røynesdal, programleiar i Sogn Regionråd.

Positivt

Elevbedrifta har fått god respons, og elevane har likt å jobba med nvinninga.

– Bedrifter me har vore i kontakt med har vore veldig positive og det har vore interessant å jobba med dette, seier gjengen bak bedrifta Jobb i Luster.

Mangfold

Bedrifta frå Luster var ei av 26 elevbedrifter som synte seg

fram på entreprenørskapsmessa for ungdomsskulane i Sogn, som vart arrangert på Flatbygd skule i Vik denne veka. Over 400 elever fekk oppleve kreativitet, mangfald og skaparglede. Entreprenørskap i skulen handlar om å bruka dei ulike faga på spanande måtar, på nye måtar – gjerne i samarbeid med lærarar, andre elever, organisasjonar, lokalsamfunn og bedrifter.

– Stigning

Entreprenørskapsmessa vart arrangert i samarbeid med verskommunen Vik, stiftinga Ungt Entreprenørskap og Sogn regionråd.

– Det er femte gongen regionrådet arrangerer entreprenørskapsmessa for ungdomsskulane i Sogn. På desse åra har me hatt stigning i programmet heile vegen. Det er uvanleg at ungdomsskular rundt om landet har slike messer, så elevane i Sogn har eit foremon, seier Claus Røynesdal, som hadde elevane frå åtte Sogne-kommunar på plass i Vik.

Tredeling

– Me har også utvikla måten å organisera dette på i løpet av desse fem åra. Me har no ei tredeling der målgruppa er 8.-klassingar som ser på kva 9.-klassingar har gjort med sine bedrifter før dei sjølve skal ta til. I tillegg var dei rundt til bedrifter i Vik og fekk impulsar frå ein gründer, forklarar Claus Røynesdal. På messa fekk elevane eit føredrag av gründer og fotograf Thomas Morel frå Feios.

Eirik Thue
eirik.thue@sognavis.no



JOBB I LUSTER: Ole Andreas Hermansen Stegegjerdet, Karoline Slinde og Henrik Thorsnes Lefdal her i lag med

Claus Røynesdal, programleiar Sogn Regionråd.



FUNNYBOX PRODUCTION: Magnus Førde, Lars Dalaker og Simen Romstad har laga spelefilm som dei no sel.

Filmskaparar med humor

VIK: Simen Romstad, Lars Dalaker og Magnus Førde har skrive manus, laga musikk, filma, og redigert. No sel dei ein spelefilm på 45 minuttar.

Funnybox Production er namnet på elevbedrifta frå Kaupanger som går nye vegar.

Oppføljar

Dei tre kreative karane gav i 6. klasse ut to filmar: Dansefeber 1 og Dansefeber 2.

– Dei ligg begge på YouTube, forklarar dei. No har dei lansert Dansefeber 3.

– Den er mykje betre enn dei to første filmane, og me har lagt ned mykje arbeid for å få alt på plass, fortel dei.

Dei karakteriserer den siste filmen som ein humorfilm.

Trailer

– Me har brukt elevane på skulen som statistar. Det er lurt, for då kjøper dei og familie deira filmen, smiler dei. På messa i Vik selde dei filmen for 100 kroner per stykk.

Dei visste også at dei kan meir enn å laga film. Marknadsføring er minst like viktig og dei synte fram traileren til filmen sin til eit imponert publikum. Dei hadde også på plass ein QR-kode, som du kan skanna med ein smarttelefon og på den måten få traileren rett inn på telefonen.

– Me har også ein banner her for filmen, der sponsorane blir trekt fram. Me har fått 2.000 kroner i sponsorstøtte og det er me glade for, seier trio, som skal bruka overskotet frå filmproduksjonen til klassetur til Polen.

Vann

Funnybox Productions vart under messa i Vik kåra til vinnar i klassen «Nyskaping og kreativitet». Juryen grunn-gjev dette med følgjande: «Heilt ny idé og svært kreative gutar. Dei gjorde alt sjølve, frå idé til manus, regi, filming/produksjon, hadde hovudrollene sjølv, skaffa sponsorar, og marknadsføringsmaterieill, laga trailer til filmen sin, ein kunne få tilgang til ved å skanna QR-kode. Og – dei hadde lagt ned ein enorm stor eigeninnsats i bedrifta».

Saftig innsats løna seg



EPLPRESSARADN: Oddbjørn Hauglum, Sondre Grindedal, Kuba Szwed og Anne Louise Sætre hadde grunn til å smila. Epledrinken fall i smak på messa i Vik.

VIK: Kortreist drikke vart god butikk for elevbedrifta Eplepressaradn.

– Me har tent rundt 20.000 kroner på dette, fortel Oddbjørn Hauglum, Sondre Grindedal, Kuba Szwed, Anne Louise Sætre. Elevane frå Feios og Fresvik har hausta eple, pressa ut safta og tappa på flasker.

God smak

Produktet har falle i god smak, og salet har gått strykande.

– I tillegg har me laga logo og ein film om prosessen, forklarar elevane.

Elevane ved skulen i Feios skal bruka pengane dei har fått inn til skuletur.

– Det har vore mykje arbeid, men det har også vore kjekt, konkluderer dei. På messa delte dei ut smaksprøvar i høgt tempo og

fekk gode tilbakemeldingar frå elevane som heiv innpå den kortreiste drikka.

Til topps

Eplepressaradn vann prisen Miljø og Bærekraft under messa i Vik. Juryen skriv følgjande om bedrifta: «Innsatsfaktoren i produksjonen er eple som elles ikkje ville bli brukt. Ingen tilsetjingsstoff – berre epleaft. Kjem inn under «Kortreist mat»-konseptet. Dei nyttar miljøvenleg (resirkulerbar) emballasje (papirkartong og glas)».

Også TF Tema Fest vann pris under messa som best på «Formidling og kommunikasjon». Juryen skriv følgjande: «Dei desidert best førebudde og beste til å formidla alt frå bakgrunn, til idé, til gjennomføring, alt det foretningmessige, flott stand, gjennomtenkt kledding, fordeling av oppgaver innanfor bedrifta og eigenutvikla logo».

Snart ferie?

Ta banken med i bagasjen.



ssf.no/ferie • meirennbank.no



sparebanken
sogn og fjordane

